



I fjor var også Trond Håvard Skjelnes frå Uskedalen med og her står han saman med Tormod framfor eit kloster som dei vitja

Tormod Myklebust har vorte ein veteran på hjelpesendingar til Ukraina i regi av stiftinga THK (tru, håp og kjærleik) og på vårparten skal han vera med i sending nummer 6.

**Men han minnar om
ho allereie no slik at folk kan starta førebuinga og fylla i sekkar.**



[Innsamling i Uskedalen i fjor: Tormod kjem med sekkar og Vidar Akselsen og Ivar Blokkum tek imot](#)

Også denne gongen er det klede som står i fokus, men Tormod nemner også sko, leikar og datautstyr når vi spør om kva som bør fylla sekkane. Han strekar under at behovet i Ukraina framleis er like stort for hjelp frå vest. I hans tur nummer 5 i fjor vår var også uskedelingen Trond Håvard Skjelnes med men kven som skal vera med denne gongen er førebels ikkje klart. Det einaste som er på det reine er at Tormod for første gong skal køyra sjølv og vera 'sjef' for turen og at den skal starta fredag 2. mars.

Innsamlingsrunden av sekkar med innhald skal gå føre seg i Kvinnherad laurdag 25. februar og startar som vanleg i Rosendal. Som før skal folk i Uskedalen møta opp ved Grano med sekkane sine, men tidspunktet blir kunngjort seinare.

Kunngjeringa no skjer slik at folk kan begynne å tenkja over kva dei skal senda nedover. Målet for turen denne gongen er heller ikkje klart.

Av Ola Matti Mathisen